



Uskedalen har mange trufaste båtgjester og to av dei mest trufaste er Bergen-paret Bitten (75) og Erik Mack (87) som her slappar av etter dagens trim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har dei siste åra vore eit svært stabilt besøk av gjestebåtar i hamna til Uskedal Båtlag. Tor Edward Taranger i styret kan opplyse at årets gjestedøgntal enda rundt 1.150 og det er omtrent det same som i fjor.

Men då var det ein nedgang på rundt 150 frå året før. Dei fleste kom naturleg nok i juli og i den månaden er det notert 750 gjestedøgn i år. Nokon oversikt over nasjonalitetar har styret ikkje, men det er ingen tvil om at tyskarane topper statistikken for utlendingane.

Leiinga i båtlaget er sjølvstøtt svært fornøgde med at hamna dette året hevda seg så godt i konkurransen om å bli "Årets båthamn" ved å enda på tredjeplassen. Hamna er rusta opp på ymse vis i det siste, mellom anna ved å få eit trådløst internett-tilbod.

Av Ola Matti Mathisen.